



NYE TRYGGLEIKSALARMAR

Sveio har saman med andre kommunar på Haugalandet gjort avtale med ALERIS om å drifta vaktentral for tryggleiksalarmar i kommunen. Difor vil kommunen også bytte ut noverande tryggleiksalarmar med nye.

Alarmen er knytt til ein vaktentral (ALERIS) stasjonert i Oslo og som er bemanna med helsepersonell 24timar i døgnet. Dei vil formidla kontakt vidare dersom alarmen går.

Alle over 75 år kan få installert tryggleiksalarm. Det er imidlertid ikkje kun denne gruppa som kan nytta eit slikt tilbod. Andre kan søka om å få innvilga dette frå kommunen.

Alarmen består av ein senderenhet som monterast på veggen hos brukaren og ein alarmknapp som kan bærast rundt halsen som eit "smykke" eller på armen som ei "klokke".

For at alarmen skal fungere må apparatet (senderenheten) på veggen alltid være tilkobla straum. Alarmen er utstyrt med batteri slik at den er verksamd også ved straumbrot. Når batteriet begynner å bli tomt gir alarmen automatisk melding om batterifeil. Ansvarlig for alarmen kjem då og bytter batteri.

Hva skjer når du løyser ut alarmen?

- Når tryggleiksalarmen blir utløyst vil det vera helsefagleg personell på eit responscenter (ALERIS) som svarer deg. Du kan snakka direkte med helsepersonell.
- Den som tek imot alarmen vil avklara behovet for hjelp saman med deg.
- Dersom det er behov for at nokon kjem og ser til deg, vil ALERIS kontakte pårørande, heimetenesta eller legevakt/ambulansse – alt etter kva som er behovet.

Personalopplysningar og samtykke:

- I høve til overgang til nye tryggleiksalarmar ønskjer me å kvalitetssikra informasjonen me har om deg (personalia, pårørande, viktige helseopplysningar)
- Skjema er vedlagt
- Skjemaet inneheld også samtykkeerklæring om at:
 - 1) informasjon om deg kan delast med vaktentralen ALERIS
 - 2) du godtek vilkåra for bruk av tryggleiksalarm.



Vilkår for bruk av tryggleiksalarm:

- Tryggleiksalarmen skal kun nyttast ved akutt behov for hjelp. Ved livstrugande tilstander anbefalas det å ringa 113 direkte (eller brann 110/politi 112).
- Misbruk av tryggleiksalarm kan føre til at det blir inndrege
- Tryggleikslarm, alarmknapp og eventuelle sensorar må erstattast viss det kjem bort eller blir øydelagd med forsett.

Kva kan brukaren forvente ?

- At alarmen virker etter hensikten.
- Dersom alarmen blir defekt etter lynnedslag o.l. blir kostnader til reparasjon dekket av Sveio kommune
- At personalet svarer når alarmen nyttast.
- Trygghetsalarm kan evt. erstatta eit ringetilsyn.

Eigenbetaling:

Det blir ein sats for eigenbetaling som vil gjelda alle mottakarar av tryggleiksalarmtenesta.

Innstallering: kr: 952,- (eingongssum)

Leige pr måned: kr: 250,-

Du blir fakturert to gonger i året (des og juni)

Ved avslutning av tenesta løper eigenandelen heilt til tryggleiksalarmen med tilbehør er levert tilbake til kommunen.

Sveio 1. januar 2017